

Fridtjof Nansen var ein samansett mann med mange ulike interesser, men framfor alt var han ein stor vitskapsmann, skriv Harald Dag Jølle.

Oppdagaren

Då Fridtjof Nansen døyde i 1930, skreiv Nordahl Grieg heim til broren Harald Grieg: «For et eventyrlig liv som er forbi, det var jo ikke én stor mand som døde, det var ti.» Historia om Nansen er full av merkelappar: polfarar, humanist, politiker og kunstnar – for å nemne nokre. Nansens breie interessefelt, dei mange evnene hans og det stadige nærværet ved store hendingar gjev eit overveldande inntrykk av ein stor mann – og har gjort at me er mange som ønskjer å knyte han til oss og la han kaste lys over interessene våre.

Men kva ville Nansen svara om han fekk spørsmålet: «Kjære Fridtjof Nansen, kva er De egentleg?» Eg er ganske sikker på at han ville sagt: *vitskapsmann*. Nansen var professor nesten heile det vaksne livet, jamvel i to fagfelt. Først frå 1897 i zoologi og så frå 1908 i oseanografi. Før det hadde han vore konservator og student. Men for Nansen var vitskap ikkje avgrensa til ei akademisk stilling. Vitskapen var ikkje noko *anna* – noko han levde utanom sitt «vanlege» liv, noko han gjekk til midt på dagen. Det var heller ikkje noko han la bort om han gjekk inn i andre engasjement. Som til dømes diplomat i London – då arbeidde han også med to av dei viktigaste avhandlingane sine – *The Norwegian Sea* og *Nord i Tåkeheimen*. Nei, for Nansen var vitskap – eller skal me seie arbeid med store spørsmål han ville ha svar på, nærast ei kraft som var styrande for livet hans. Som kunne plage han. Det gjorde at han arbeidde og arbeidde langt meir

enn han *eigentleg* ville. Oppgjeven skreiv han til ei veninne i 1910: «[Jeg] ødelægger livet ved at gjøre det bare til en eneste slitsom arbeidsdag. Det er slet lidenskap dette med arbeid, like galt i sine virkninger som drikkelidenskapen og andre, men det er vist [ikke] like let at finde nogen skikkelig kur.» Like fullt heldt han fram natt etter natt.

VILLE IKKJE LEVE FORGJEVES

Kva var det som dreiv han til å halde fram, dag etter dag, år etter år? Det var eit spørsmål Nansen ofte stilte seg sjølv. Var det av *forfengelegheit*, undra han seg, var det *vitehug*, eller var det rett og slett det han formulerte som *arbeidsdrift* – eit sug han kjende etter å utføre noko meningsfullt, noko han oppsummerte i «driften til ikke at ha levet forgjæves». Han tenkte ofte på om ønsket om å setje spor var den *eigentlege* drivkrafta for at han ofra så uendeleg mykje tid på vitskapen. Ambisjonane var å løyse oppgåver så store at dei ville setje tydelege merke, noko som verkeleg betydde noko. For trass i alt han etter kvart oppnådde, følte han stadig at han ikkje hadde gjort noko av vesentleg verdi. Som femtiåring håpa han framleis han skulle få høvet til å gjennomføre den store livsoppgåva si – det store grunnleggjande arbeidet som skulle gje ny forståing av fysikken til havet.

KVA SLAGS FORSKAR?

I arbeidet med doktorgraden i nevrologi viste Nansen stor vilje til kunnskap. Han oppsøkte forskingsfronten, drog til Italia og lærde ein metode for å føre eiga forskning vidare. Arbeidet viste også ei stor evne til å generere frå det enkle til det komplekse. Han stilte dei store spørsmåla om korleis den menneskelege hjernen fungerte, basert på undersøkingar av nervesystemet hjå veldig enkle organismar som slimålen.

«Fram»-ekspedisjonen demonstrerte den vitskaplege intuisjonen hans, evna til å forstå og føreseie korleis naturen heng saman. Han resonerte seg fram til at jordrotasjonen måtte ha innverknad på havstraumane, og at det måtte finnast ein undersjøisk djupvassrygg i Polhavet. Men viktigare: «Fram»-ferda opna opp forståinga hans av kor viktig havet er for å forstå planeten vår. Ekspedisjonen gjorde Nansen til havforskar.

Nord i Tåkeheimen avslører ei vitskapleg breidd. Naturvitaren var også kulturhistorikar. Ikkje berre det – han tilførde historiefaget ny metodisk innsikt. Då han la fram teoriane sine om dei norrøne reisene til Vinland, forklarte han samstundes kor problematiske sagaene var som kjelde til sikker kunnskap. Nansen innsåg at konklusjonane hans om kor lite pålitelege dei islandske sagaene var, kunne oppfattast som triste. Det å så tvil om dei stolte vikingfortel-

jingane våre var ikkje uproblematisk i 1910 og førde til ein krangel med norske historikarar som vart den mest omfattande debatten i historia til det norske vitskapsakademiet. Nansen insisterte like fullt på at han som vitskapsmann ikkje kunne gjere det annleis. Som han sa: Det som er «endnu kjærere end at ha et berømmelig blad mer eller mindre i vor historie, det er at kjende sandheten».

DET VESENTLEGE

Nansen hata fjas og jåleri i namnet åt vitskapen. Etter eit maskeradeball for å feire vitskapselskapet i Berlin skreiv han opprør heim til kona: «noget så latterlig indholdsløst har jeg neppe endnu oplevet, bare lakei uniformer og vind». «Fy fanden, det er misbrug af videnskaben, en ynkelig parodi på menneskeandens sanhedsstræben hinsides alle former; og det kommer mig på tvers i halsen.» Nansen syntest også det vart satsa unødvendig mykje på det *ytre* innanfor norsk vitskap. Han var mellom *anna* sterkt usamd i at vitskapsakademiet skulle kjøpe nytt hus på Drammensveien. Skulle norsk vitskap freiste å imponere utlandet, måtte det *ikkje* «ske ved ydre pomp og stas og bygninger», skreiv han skarpt til rektor W. C. Brøgger. Det var mykje viktigare å vise at norsk vitskap hadde forstått kva som var viktig: «Og det væsentlige er de levende



Ved Bergen Museum utførte den unge Fridtjof Nansen banebrytande nevrologisk forskning, mellom *anna* ved hjelp av slimål som studieobjekt. Foto: UIB





Nansen tek vassprøvar under Fram-ekspedisjonen.

instituter, og den levende forskning, og hvad som der frembringes.»

HAVET OG KLIMA

Havet vart den store lidenskapen til Nansen. Paradoksalt nok, sjøsjuk som han ofte var: «Denne våte ensformige likegyldighet er fortærende», skreiv han i dagboka på veg heim frå eit tokt i 1909. Han lengta etter skogen, etter den store, stille, mørke skogen og den evige skogsusen. «Hvad var det for en skjæbnsvanger misforståelse som lot mig tro at jeg hadde noget at gjøre på havet. Jeg skogmennesket, vokste op under gransusen, langt inde i den dype tungsindige skogstilhet, hvor der er ly for tanker og drømmer. Hvorfor har jeg ved vold rykket planten fra sin egen og eneste jordbund. Livet, det spirende i skogenes skjød skulde jeg vie mig til, og la havet vugge over sin våte koldhet.» Men Nansen greidde aldri å la havet vogge sin eigen sjø. Han hadde ein jobb å gjere, mente han. Djupt nede i Polhavet, i Aust-Grønland-straumen eller midt i Atlanterhavet låg svara på gätene han streva med. Store spørsmål om årsaka til havsirkulasjon, om danning av botnvatn, om samanheng mellom verdshava og Arktis. Og om klima og verknaden til sjøtemperaturen på fiskeria og temperaturen på land.

Nansen visste samstundes at det ville

For Nansen var vitskap ikkje avgrensa til ei akademisk stilling.

kosta mykje å løyse desse problema. Det var forbunde med sjøsykje, ishavstake – og dei mange lange forskningstokta gjekk utover familielivet og høvet til å reise på tur i skog og mark.

Men like fullt hadde han ei oppgåve i havet: For Nansen hadde ambisjonar om å bidra til ei grunnleggjande ny forståing – han ville avsløre dei lovene som styrde havets oppførsel, og han ville skjone kva for praktisk nytte det hadde for menneska å kjenne desse. Han ville rett og slett forstå dette elementet som utgjør to tredjedelar av jordoverflata og har eit volum som er tretten gonger større enn alt det landet som stikk opp av denne overflata. Svære ambisjonar. Og ein gong, tenkte han, ville folk forstå kor viktig dette var.

Sjølv «hoben», skreiv han oppgjeven i dagboka ein haustkveld i 1900 – dei som ikkje kunne skjone nytta av denne type forskning, ville kanskje ein dag forstå at kunnskapen om temperaturane, straumtilhøva, saltgehalten og havbotnane ville bli viktig. Det var vanskeleg å sjå inn i framtida, vedgjekk han, men kanskje vart det slik at også folk flest ein dag kom til å setje pris på «at vi kjenner årsagerne til vekslingerne i jordens klimater».

MAKTA TIL DET UKJENDE

Nansen brukte ofte *Kongsspegelen* for å forklare kvifor folk var viljuge til å søkje inn i isen, sjølv

om det var farar knytte til det. Det hadde si årsak i tre slags natur hjå mannen, kunne det lærde skriftet frå 1200-talet forklare: Éin del var kappelyst, ein annan del vitelyst, medan den tredje krafta var ønsket om vinning.

Nansen var ikkje i tvil om kva for kraft som hadde verka sterkast i utforskning av verda: Som han sjølv formulerte det: «dybest ligger det han satte som no. 2: *det ukjendtes ubøielige magt over menneskesindet*». Denne makta driv menneska fram på utviklingas bane, med eller mot viljen deira – det er likegyldig. Denne makta «driver oss ind til naturens skjulte kræfter og hemmeligheder, ned i mikroskopets uendelig lille verden og ut i universets umaalte vidder. Frem for alt giver den os ikke fred, før vi kjender den planet, vi bor paa, fra havets største dyb til atmosfærens høieste lag, den drev os ind i urskogens pestfyldte sumper og op på isen under polen.»

Slik snakkar ein oppdagar – i ordets rette forstand – og Nansen var ein mann som i svært sterk grad var ramma av nettopp «*det ukjendtes ubøielige magt over menneskesindet*».

HARALD DAG JØLLE

Harald Dag Jølle er forfattar og historikar ved Norsk Polarinstittutt og fast skribent i Dag og Tid.